



Planar for idrettsanlegg – 2005 (V-0598 N)

Rettleiing om førehandsgodkjenning av planar

1. Innleiing

Denne foldaren er utarbeidd på bakgrunn av bestemmingane til Kultur- og kyrkjedepartementet i "Om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2005" (V-0732).

Ein skal gjennomføre førehandsgodkjenning for å sikre behovsrette og gode idrettsfunksjonelle løysingar og at ein tek vare på dei estetiske og miljømessige sidene på ein god måte. Førehandsgodkjenninga må ikkje forvekslast med den saksbehandlinga ein gjer i byggjesaksavdelinga i kommunen eller tilsvarande i samband med behandlinga av byggjesaka.

Førehandsgodkjenninga gjeld nybygg, rehabilitering og ombygging. Planane for det aktuelle anlegget må vere godkjende på førehand av departementet eller kommunen.

Planar for desse anleggstypane skal sendast til departementet for godkjenning:

- fleirbrukshallar og spesialhallar
- kunstisflater
- hoppbakkar HS lik eller større enn 75 m
- utandørs symjeanlegg
- utfortrasear
- prøveprosjekt og prøveanlegg
- undervarmeanlegg i kunstgrasbanar
- større motorsportanlegg

Teikningar skal sendast inn i tre sett.

Ein må vere særskilt merksam på kravet i byggjeforskrifta om at anlegget skal vere tilgjengeleg og lagt til rette for funksjonshemma. Ein bør prøve å finne løysingar ved hjelp av prinsippet om universell utforming, jf. V-0732.

Dersom ein ikkje har begynt på byggjearbeidet innan to år etter førehandsgodkjenninga, må godkjenninga fornyast.

2. Saksgang

Ein må følgje eventuelle fylkeskommunale krav til saksgangen og behandlinga for anleggsutbygginga.

Søknad om førehandsgodkjenning skal sendast av tiltakshavar/byggherre. Private byggherrar (idrettslag o.l.) sender søknaden gjennom kommunen.

Førehandsgodkjenninga må liggje føre før byggjearbeida blir sette i gang. Planar kan sendast inn til godkjenning heile året. Ein må rekne med inntil to månader saksbehandlingstid.

Planane må vere godkjende på førehand før søknaden om spelemidlar blir sende til fylkeskommunen 15. januar.

3. Generelle vedlegg

Alle søknader om førehandsgodkjenning må innehalde:

- Opplysning om kva plass anlegget har i den kommunale planen for idrett og fysisk aktivitet.
- Oversiktskart/kommunekart.
(1 : 5000 økonomisk kartverk).
- Situasjonsplan i målestokk 1:1000 eller 1:500 med samla arealdisponering og hovudtrekka i terrengbehandlinga. Planen skal vise høgdekurver, kva område som er disponerte for anlegget, og kva utvidingsreservar som er sikra. Oppdeling i eventuelle byggjestege skal vere oppgitt.
- Utomhusplan i målestokk 1:500 eller 1:200 som viser tomtedisponering med ny og gammal vegetasjon, trafikkløysingar og parkering.
- Behovsoppgåve som grunnlag for dimensjonering.
- Enkelt kostnadsoverslag.
- Førebels plan for finansiering og drift av anlegget.
- Dokumentasjon på korleis anlegget er tilpassa husa i nærleiken og landskapet rundt.
Ein kan bruke oppriss, aksonometri, perspektiv eller modellfoto.

4. Inneanlegg

Alle anlegg må utførast i samsvar med dei gjeldande byggjeforskriftene.

I tillegg til dei generelle vedlegga må søknaden for fleirbruks- og spesialhallar innehalde dette:

- Planteikningar av alle etasjar (også kjellar) i målestokk 1:100, med innteikna dørslog, dusjhovud, innreiing i WC, garderobe, kjøkken osv.
- Snitteikningar i målestokk 1 : 100 som viser takhøgde, stigning på eventuelle tribunar e.l.
- Fasadeteikningar i målestokk 1:100.
- Ved førehandsgodkjenning av planar for fleirbruks- og spesialhallar skal ein gjere greie for arkitektur og miljø (V-0914B og V-0915B).

5. Rehabilitering/ombygging

Planar for rehabilitering og ombygging av idrettsanlegg skal også godkjennast på førehand. Det er utarbeidd eigne retningslinjer til bruk ved vurderinga av slike planar (V-0823). Saksgangen er som for dei ordinære anlegga.

6. Krav til spesielle anlegg

For fleirbrukshallar:

- Type golvbelegg i hallen.
- Utrekning av lys i hallen (luxverdi, jamt lys e.l.)
- Kopi av "Standard anbudsbeskrivelse" for den golvløysinga ein har valt.

For symjehallar:

- Utrekning av lys i hallen (luxverdi, jamt lys, plassering)
- Utrekningar av akustikk for hallen.

For kunstisanlegg:

- Ta kontakt med departementet.

For skytehallar og skyteanlegg:

- Utrekning av lys (luxverdi for skive-, standplass- og allmennbelysning).
- Ventilasjonsanlegg med plassering av innblåsings- og utblåsingsventilar og luftskiftingsfrekvens.
- Førehandsgodkjenning frå politiet.

For stall:

- Førehandsfråsegn frå fylkesveterinæren.

For alpinbakkar:

- Kart i målestokk 1:1000/1:5000, med markering av anleggsområda og opplysningar om kva arbeid som skal gjerast.
- Lengdeprofil med påførte opplysningar om minste, største og gjennomsnittlege halling.

For hoppbakkar:

- Sjå V-0732.

For langrennsanlegg:

- Plan i målestokk 1:5000 som viser løyper med markering av anleggsområda og opplysningar om kva arbeid som skal gjerast.
- Lengdeprofil av løyper skal visast i praktisk målestokk 1:20 000 for lengd og 1 : 2000 for høgd.
- Største samanhengande stigning, skilnad mellom høgaste og lågaste punkt i løypa og samla stigning (i alt) må vere med.
- Plan for skistadion i målestokk 1:1000.
- Opplysningar om løypebreidder med typiske snitt i målestokk 1:50 må vere med.

For idrettsbane:

Fotball-, friidretts-, tennis-, skøytebaner osv.

- Baneplan i målestokk 1:500 som viser merking, radiar og overhøgd/fall. Planar for anlegg med faste dekke skal vere i målestokk 1:200, og ein må oppgi nøyaktig avgrensing av det faste dekket.
- Typiske tverrprofilar.
- Dreneringsplan i målestokk 1:500 som viser suge-, samle- og overvassleidningar og avskjeringsgrøfter, kummar og sluk.
- Snitt som viser eksisterande grunnforhold (fjell, leire, myr osv.) og den planlagde oppbygginga av banen. Korngradering og tjukkeleik på dei ulike laga i oppbygginga må også vere med.
- Dersom anlegget ligg heilt eller delvis på myr, skal det gjerast nøyaktige grunnundersøkingar og leggjast ved fråsegner frå fagfolk.

For lysanlegg:

Lysanlegg skal utformast etter NS-EN 12193.

Det må liggje føre førehandsgodkjenning for sjølve hovudanlegget for at det skal kunne bli gitt tilskot til lysanlegg. Lyspunkta og lysmastene må plasserast på planen i same målestokk som krevst for hovudanlegget.

Vidare må ein gi opplysningar om

- lys (lux)
- jamn belysning
- lyspunkthøgde
- val av lyskjeldetype
- nødlysanlegg (for hoppbakkar)

For skiheisar og skitrekk:

Planane for sjølve bakkeanlegget må vere teknisk godkjende.

- Trekk- og heistrasé innteikna på planane for anlegget.
- Lengdeprofil av traseen.

Konsesjon frå fylkesmannen skal liggje føre ved søknad om førehandsgodkjenning for skiheis/ skitrekk.

For golfanlegg:

- Baneplan 1:2000.
- Typisk tverrprofil av green og utslagsområde.
- Utgreiing av vatningsanlegg.
- Stadfesting av at anlegget har vore vurdert i høve til sikkerheitsrettleiaren som Norges Golf forbund har laga.

For orienteringskart (for trening og konkurranse):

I samband med teknisk førehandsgodkjenning av kart skal det liggje føre ei stadfesting av terrengfordelinga frå den aktuelle o-krisen, og det skal vere oppnemnd ein kontrollør. Før sluttutbetaling av spelemidlar skal kartet vere kontrollert og godkjend etter reglane til Norges Orienteringsforbund.

Grunnlagslitteratur for vurdering av idrettsanlegg:

- Målbok for idrettsanlegg V-0931 B
- Idrettsanlegg og funksjonshemmede V- 511
- Miljøhensyn ved bygging og rehabilitering av idrettsbygg V-0891
- Idrettsanlegg og estetikk V-0896

Spørsmål som gjeld førehandsgodkjenning, kan du rette til

- kommunen
- fylkeskommunen v/Idrettskonsulenten
- Kultur- og kyrkjedepartementet, Idrettsavdelinga

Utgitt av:
Kultur- og kyrkjedepartementet
Idrettsavdelinga
Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo
Tlf. 22 24 90 90 / 22 24 80 64
e-post: idrettsavdelingen@kkd.dep.no
Publikasjonsnummer V-0598 N